



Composite Consulting AS
5034 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/3219 - 17/31506

Saksbehandlar:

Trygve Solberg

Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:

02.11.2017

Mellombels bruksløyve - gbnr 177/13 Nesse

Administrativt vedtak. Saknr: 507/17

Tiltakshavar: Olav - Magne Kvamme

Ansvarleg søkjar: Composite Consulting AS

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 22.06.2009.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å kunne brukast.

Følgjande arbeid står att:

1. oppføring av terrasse i vest.
2. overbygg inngangsparti mot aust.

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: privat vassforsyning, mini reiseanlegg samt større vedlikehald på bustad. Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 30.06.2018.

Det vert elles vist til søknad motteken 30.10.2017.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for tiltak omhandla i løyve frå 2009, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Seimsstranda 502
Bygningstiltak:	Einebustad
Bygningsnummer:	176267259
Avløp:	Frå minireiseanlegg til etterpolering og drenering i terreng
Vatn:	Privat vassforsyning

VEDTAK:

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for privat vassforsyning, typegodkjent minireiseanlegg samt vedlikehald og innsetting av nye vindauge på gbnr 177/13 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld delar av tiltaket.
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 31.07.2018.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest.

Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/3219

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Composite Consulting AS
Olav - Magne Kvamme

5034

BERGEN